

## Referat frå møte styringsgruppa Campus Bergen

---

Dato: 20.12.2016

Tid: kl. 08.00 – 11.00

Stad: Haukeland universitetssjukehus, Bikuben

---

**Deltakarar:** Anne Gine Hestetun, Britt Karen Spjeld, Hanne Espe, Pia Mørk Andreassen, Frode Karlsen, Odd Bjarne Berdal, Bjørg Kristin Selvik, Torhild Næss Vedeler, Vibeke Johannesen, Knut Songve, Helge Johnsen, Anita Lyssand, Eirik Tenfjord, Ivar Borge og John Wikstrøm.

**Forfall:** Pål Hafstad Thorsen, Rune Titlestad, Berthe Andersen Haugen, Nina Grieg Viik, Morten Kristoffersen

**Møteleiar:** Anne Gine Hestetun

**Skrivar:** Hanne Espe

Eivind Hansen, direktør frå Helse Bergen ønska velkomen og fortalte om deira samfunnsoppdrag og faglege perspektiv for involvering i Idrettscampus Bergen. Torhild sender ut presentasjonen til alle.

### 3.1 Godkjenning av referat frå møte 6. oktober 2016

Vedtak: Referatet godkjent.

### 3.2 Presentasjon av mogleighetsstudie Idrettscampus Bergen fase 2 v/ PwC

Vedtak: Teke til etterretning med innspel frå aktørane.

Justeringar vil bli implementert i endeleg rapport og følgjande punkt vert lagt fram til vedtak på styringsmøte 11. januar 2017;

- Namn
- Visjon
- Verdiar
- Føremål
- Strategiske val
- Organisering
  - Modell for samarbeidsform og organisering av Idrettscampus
  - Mandat til prosjektstyre/arbeidsgruppa
- Lokalisering av hovudkontor dei første to åra
- Utlysning av stilling som dagleg leiar 2017-2018
  - Inkludering av nye aktørar i samhandlinga
- Prioritering av prosjekt
- Milepælsplan
- Budsjett 2017

### 3.3 Status i prosessar hjå dei ulike aktørane som påverkar arbeidet med Idrettscampus Bergen

Vert å kome tilbake til på neste møte.

### 3.4 Veggen vidare

Vedtak: Stadfesting av møte 11. januar 2017 kl. 13.00 – 16.00 på Årstad vidaregåande skule.

Universitetet i Bergen vil få eit brev frå Fylkeskommunen og Bergen kommune, med invitasjon til å vere med som ein av aktørane i Idrettscampus før jul. Det vil bli sendt ein invitasjon til eit informasjonsmøte der representantar frå prosjektet orienterer UiB om prosjektet. Dette må skje snart, og styringsgruppa ønskjer at ny aktør vert med frå og med neste møte 11. januar 2017.

Til møtet 11. januar 2017 vil det vere konkrete forslag til vedtak på dei ulike områda på lista i punkt 3.2.

Styringsgruppa var samd om å arrangere eit opplegg for og med presse og media kort tid etter møtet 11. januar. Aktørane vert oppmoda om å førebu seg på gode svar på kva tyding Idrettscampus Bergen har hatt og vil få vidare for kvar aktør.